



Logoen er en kalligrafi av Marie Klever.
Motivet er fra sagnet om Sigurd Fåvnesbane.



Formål for Sauherad historielag:

§ 1 Sauherad Historielag har som føremål å arbeide for interesse og forståing for kommunens historie frå fyrste tid til i dag.

§ 2 Inntil kultursoga for Sauherad er skriven, vil ein arbeide for eit best mogleg kjeldegrunnlag for denne, primært gjennom munnleg tradisjon

ÅRSMELDING FOR 2021

Styret og anna representasjon for 2021:

Pandemien gjorde at fysisk årsmøte 2021 blei avlyst. I staden blei sakliste med vedlegg sendt på e-post / i brev til medlemmene 25. mai 2021. Protokoll blei deretter signert 11. juni 2021.

Etter valkomiteens forslag blei desse valt:

Eivind Lønheim, styreleiar (attval), Birgit Norendal, sekretær (attval), Toril Knutson, styremedlem og ny som kasserar, (ikkje på val), Ole Thor Ripegutut, styremedlem (attval for 1 år), Pål Toreid, nytt styremedlem (valt for 2 år) og Kirsti Hegna, styremedlem (ikkje på val).

Varamedlem for 1 år: Peder Rekkedal (ny) og Nils Olav Haugen (attval)

Revisorar: Gunhild Kleven Ripegutut og Mona Slaaen (ikkje på val)

Valnemnd: Torbjørn Norendal (Ikkje på val)

Evju Bygdetun har ansvaret for Sauherad lokalhistoriske arkiv. Torstein Fosstveit og Eivind Lønheim er historielagets representantar til arbeidsgruppa som organiserer arbeidet med arkivet. Toril Knutson er kommunens representant i arbeidsgruppa.

Historielaget er medlem av Midt-Telemark Museum. Eivind Lønheim er historielagets representant i styret, medan Torstein Fosstveit er personleg vararepresentant.

Historielaget er medlem av Landslaget for lokalhistorie.

Vedtektene blei endra slik at årsmøtet heretter skal haldas innan utgangen av mars månad.

Medlemmer og æresmedlemmer

Talet på medlemmer pr. 31.12.2021 er 96.

Historielaget har 1 æresmedlem:
Bjørn Holta.

Pandemien:

Som følge av pandemien blei alle planer for arrangement lagt bort. Styret har i hovudsak hatt kommunikasjon på e-post og telefon.

Styremedlemer og andre medlemer har arbeidd aktivt med følgande prosjekt:

➤ **Kulturhistorie for Sauherad**

Arbeidet med kulturhistoria har halde fram ved at fleire forfattarar har levert artiklar som skal inn i boka. Pandemien har gjort at framdrifta er forseinka. Dato for lansering er derfor usikker.

➤ **Sauherad-kalenderen** er eit samarbeid med Nes og Saude Bygdetunlag og blir trykt i 500 eksemplar.

➤ **Vegnamn i tidlegare Sauherad kommune.** Midt-Telemark kommune har etablert ei nemnd for vegnamn i kommunen. Sauherad Historielag er representert i nemnda.

➤ **Nettsider og Facebook.** Sauherad Historielag har nettside med informasjon om ulike kulturhistoriske emne. I tillegg er det fleire sider på Facebook som blir bruka for å informere om kulturminne og kulturhistoriske tema.

➤ **Midt-Telemark Museum** er etablert av Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag.

- Formålet er å styrke arbeidet med kulturarv i vår del av Telemark.

- Bø Museum overtok for nokre år sidan den store og verdifulle samlinga av film- og videoopptaka etter Gunhild og Birger Kinck. Denne samlinga er nå digitalisert.

I samband med dette er det etablert ei arbeidsgruppe som jobbar med dokumentasjon av andre historiske hendingar og personar. I den samanhengen blir det også laga intervju med ulike personar. Dette for både å få innsikt i personlege historier og munnlege forteljingar. Dette er også heilt i tråd med formålet til Sauherad Historielag. Ei rekke opptak og intervju er derfor gjort rundt om i Sauherad.

For alt dette materialet skal bli tilgjengeleg for publikum, blir det samtidig jobba med tilrettelegging for publisering av mykje interessant materiale i ulike kanalar.

- Eit sentralt grunnlag for å etablere samarbeidet i Midt-Telemark Museum var å gjera det mogleg å koma i posisjon for å kunne få statleg støtte på linje med konsoliderte museum i Telemark.

For å arbeide konkret med dette spørsmålet, blei det etablert eit prosjekt for «Utvikling av museum i Midt-Telemark» i samarbeid med administrasjon og politisk leiing i Midt-Telemark kommune. Prosjektgruppa har følgande mål:

Utrede Midt-Telemark Museums muligheter for å kunne motta tilskudd fra stat og fylkeskommune.

Det har blitt jobba aktivt med dette prosjektet gjennom 2021.

- **Økonomien i Sauherad Historielag** er god.

Styret vil takke for godt samarbeid med medlemmene, andre interesserte og organisasjonar vi har aktiviteter saman med.

Gvarv, 8. mars 2022

Eivind Lønheim, Birgit Norendal, Ole Thor Ripegut, Pål Toreid, Toril Knutson og Kirsti Hegna

Sign.